



Arkivnr: 2014/560-289

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval		09.03.2018

## Nytt Ungdommens planprogram 2018 - korleis arbeide og marknadsføre planprogrammet?

### Samandrag

Ungdommens fylkesting vedtok Ungdommens planprogram 2018 den 11.02.2018. Korleis ønskjer Ungdommens fylkesutval å jobbe med og følgje opp dette dokumentet? Korleis ønskjer Ungdommens fylkesutval å marknadsføre Ungdommens planprogram 2018 for administrasjon, politikarar, ungdomsråd og andre?

Aktuelle alternativ er:

- Presentere planprogrammet i hovudutvala:
  - Opplæring og helse
  - Miljø og samferdsel
  - Kultur, idrett og regional utvikling
- Presentere planprogrammet for fylkesutvalet eller fylkestinget
- Presentere planprogrammet for administrasjonen på dialogdagen
- Presentere måla i planprogrammet på facebook-sida over ein periode. Gjerne med bileter eller ved å be ungdom kome med innspel om utfordringar på det målet. Eller ved å stille spørsmål.
- Be om eit møte med fylkesrådmann og/eller fylkesordførar for å legge fram planprogrammet.
- Be om eit møte med fylkesvaraordførar (dykkar kontaktperson) for å diskutere med han korleis de best kan presentere planprogrammet.
- Forsøkje å kome i avisa med planprogrammet

Dette er berre forslag og de kan velje eit, nokre, alle eller ingen av desse. Men utvalet bør ha ein plan om korleis ein skal gjere Ungdommens planprogram 2018 så kjend som mogleg.

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Ingeborg Strandberg  
rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*